



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Sissel Storebø, 55 57 22 20

Vår dato

02 JAN 2005  
Dykkar dato  
21.10.2005

Vår referanse

2005/13193 – 461.3  
Dykkar referanse

Evanger Pølsefabrikk AS  
Teigdalsveien 296  
5707 Evanger

### **Voss kommune. Evanger Pølsefabrikk AS. Løyve til utslepp av prosessavløpsvatn**

Cowi AS søker på vegne av Evanger Pølsefabrikk AS i e-post datert 19.10.2005 om løyve til utslepp av prosessavløpsvatn.

#### **Vedtak**

Med heimel i § 11, jf § 16 i lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 gjev Fylkesmannen i Hordaland Evanger Pølsefabrikk AS løyve til utslepp av prosessavløpsvatn. Produksjonsramma for pølser, saltkjøtt og pinnekjøtt er på 90 tonn årleg.

Utsleppsløyvet følgjer som vedlegg til dette brev.

#### **Uttale til søknaden**

Forslag til utsleppsløyve har vore på høyring i Voss kommune. Kommunen meiner at utsleppsløyve også må omfatta sanitærvløpsvatn frå installasjonar for dei tilsette i fabrikk, og som går inn på same anlegget, jf e-post datert 22.12.2005. Elles har kommunen ingen merknadar tilløyvet.

#### **Grunngjeving for vedtaket**

Bedrift har vore etablert på staden i fleire år. Men bedrifta har ikkje tidlegare hatt løyve til utslepp i medhald av forureiningslova. Dette er ein småskalabedrift for produksjon av kjøttvarer med ein årleg produksjon på 90 tonn.

Søknaden gjeld ei oppgradering av tidlegare avløpsanlegg. Prosessavløpsvatnet skal først via slamavskiljar, feittavskiljar og infiltrasjonsanlegg for utslepp til grunnen.

Dei tilhøva som har størst konsekvensar for det ytre miljøet er regulert i løyve. Forureining frå slike bedrifter føre til problem av lokal karakter. Utslepp av organisk materiale og næringssalt utgjer den største kjelde til forureining. Forventa produksjon av organisk stoff og suspendert stoff er 2 kg/døgn og for næringssalt 0,6 kg/døgn. Dette er verdiar for prosessvatn før reinsing.


For å ha kontroll med utsleppa frå bedrifta har fylkesmannen og sett krav til jamleg prøvetaking av avløpsvatnet. Bedrifta skal ta prøvar avløpsvatnet for innhald av feitt, fosfor og organisk stoff.

Fylkesmannen har ikkje motteke klager på drifta om forureining til ytre miljø. Fylkesmannen meiner at dersom produksjonen vert dreve i samsvar med vilkåra i løyve vil bedrifta ikkje forurense det ytre miljø. Kommunen sine merknader er innarbeidd i løyvet.

### **Klage**

Dette vedtaket kan påklagast til Statens forurensingstilsyn innan 3 veker frå denne melding er motteken. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga innan fristen går ut.

Med helsing



Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonssjef



Sissel Storebø  
overingeniør

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyve

Gjenpart: Voss kommune, Teknisk kontor, 5700 Voss  
Cowi AS, Tvildesvegen 17, Postboks 191, 5701 Voss



# FYLKESMANNEN I HORDALAND

## Utsleppsløyve

for

## Evanger Pøsefabrikk AS

Med heimel i § 11, jf § 16 i lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 gjev Fylkesmannen i Hordaland Evanger Pøsefabrikk AS løyve til utslepp av prosessavløpsvatn. Produksjonsramma for pølser, saltkjøtt og pinnekjøtt er på 90 tonn årleg.

Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysingar gjeve i søknad datert 19.10.2005. Vilråa er gjeve på side 1 til og med side 4. Endringar som verksemda ønskjer å gjennomføra i tillegg til gjevne vilkår, må godkjennast på førehand av fylkesmannen.

Løyvet gjeld frå d.d.

Data for verksemda:

Verksemda sitt namn:	Evanger Pøsefabrikk AS
Produksjon:	Foredling av kjøttvarer
Organisasjonsnummer:	847 703 342
Bransjenr.:	15.130
Adresse:	Teigdalsveien 296
Postadresse:	5707 Evanger
Kommune:	Voss

Dato: 02.01.06	
Kjell Kvingedal e.f. Seksjonssjef	Sissel Storebø overingeniør

## 1. Utslepp til resipient

### 1.1 Grenser for utslepp

Utsleppskjelde	Utslepps-komponent	Konsentrasjon mg/l	Døgnblandprøver pr. år
Produksjon	org.stoff (BOF <sub>7</sub> /døgn)	100	4
	fosfor	270	4
	suspendert stoff	500	4
	feitt	150	4
	pH	6 - 9	

Grensene for utslepp er gjeve som maksimalverdiar for einskildmålingar og er gjennomsnittsverdiar pr. døgn.

Det er lagt til grunn ein reinseeffekt for organisk stoff på 90%, fosfor 10% og suspendert stoff 50%.

### 1.2 Handtering av prosessvatn

- 1.2.1 Avløpsanlegget må etablerast slik at ikkje flomvatnet kjem inn på systemet.
- 1.2.2 Avløpsvatn frå produksjonen og sanitærvløpsvatn for dei tilsette skal passere tilstrekkeleg dimensjonert slamavskiljar og feittavskiljar. Avløpsvatnet skal så leiast til nivåstyrt transportsikum som pumpar vatnet vidare til ein støtbelastar som igjen fordelar vatnet til infiltrasjonsanlegg på 100 m<sup>2</sup> i stadegna masser. Feittavskiljaren skal dimensjonerast slik at utsleppet av feitt ikkje overstig 150 mg/l. Feittavskiljaren og slamavskiljaren skal ha regelmessig tømning.
- 1.2.3 Eventuelt søl i samband med produksjonen skal samlast opp før vasking/spyling av lokala. Alle sluk skal utstyrast med rister, siler oppsamlingskorger o.l. Avfall skal ikkje førast til avlaupsanlegget.

## 2. Utslepp til luft

Aktiviteten ved bedrifta skal utførast på ein måte som ikkje fører til ulemper for naboar og lokalmiljø. Diffuse utslepp må ikkje gje vesentlege luktsjenanse utanfor bedrifta sitt område.

## 3. Støy

Fylkesmannen vurderar ikkje støy frå bedrifta som eit problem. Fylkesmannen kan likevel på grunnlag av støymålingar påleggje bedrifta tiltak for å redusere støy. Det vert vist til retningsliner for begrensning av støy frå industri, TA - 506, av mars 1985.

## 4. Avfall

### 4.1 Generelle krav

Bedrifta skal i størst mulig grad førebyggja og avgrensa generering av avfall. Avfall som oppstår ved produksjonen i bedrifta, skal søkjast tilbakeført til produksjonen, eventuelt nyttast i andre sin produksjon.

Brenning av avfall er ikkje tillette.

### 4.2 Næringsavfall

Næringsavfall og rester av råstoff skal heile tida tid takast hand om på ein slik måte at det ikkje gjev ubehageleg lukt, verken inne i produksjonslokala/lager eller utanfor bedrifta.

Næringsavfallet skal leverast til gjenvinning når det er tilgjengelege mottaks- og gjenvinningsordningar for sortert avfall eller bli utnytta i eigen produksjon. Slakteavfall skal leverast til godkjent mottak for slik avfall.

### 4.3 Farleg avfall

Farleg avfall skal handsamast i samsvar med reglane i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften), kapittel 11.

Farleg avfall som vert lagra i påvente av levering/henting skal sikrast slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunnen eller avløpsanlegg. Avfallet skal leverast til godkjent mottakar.

## 5. Utslippskontroll og internkontroll

### 5.1 Kontrollklasse

Bedrifta er plassert i kontrollklasse 4.

### 5.2 Målekontroll

5.2.1 Verksemda skal utføre prøvetaking av avløpsvatnet for innhald av feitt, fosfor og organisk stoff. Det skal gjennomførast mengdeproporsjonal prøvetaking av avløpsvatnet. Prøven skal gjennomførast som døgnblandprøvar, 4 gongar per år. Avløpsmengde og produksjonsdata skal registrerast kvar dag i prøveperioden.

5.2.2 Målingar skal gjerast under definerte og normale driftstilhøve, også i høve der produksjonen er høgare enn vanleg. Analysar og prøver skal utførast etter Norsk Standard.

5.2.3 Fylkesmannen kan setje krav om tiltak for å betre driftsregulariteten og reinseeffekt for reinseanlegget og vidare prøvetaking av avløpsvatnet for innhald av suspendert stoff (SS) og/eller andre relevante parametre.

### **5.3 Internkontroll**

- 5.3.1 Etter forskrift om systematisk helse,- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta), fastsett 6. desember 1996, jf § 52 b) i forureiningslova plikter bedrifta å ha oppdatert internkontroll for verksemda si. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at aktivitetane er i samsvar med krav fastsette i løyve. Ein naturleg del av internkontrollen vil for eksempel vere rutinar for drift av renseanlegget, kontrollrutinar, prøvetaking og behandling av avvik for alle aktivitetar.
- 5.3.2 Det skal førast journal over avfallsmengdene som vert levert frå bedrifta.

## **6. Generelle vilkår**

### **6.1 Eigenkontroll og ansvar**

Bedrifta pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ein kvar tid vert avgrensa mest mogeleg. Bedrifta plikter å søke å forhindre unormale driftstilhøve som kan medføra auka utslepp, og til å redusere eller innstille drifta under slike tilhøve dersom det kan oppstå vesentlege overskriding av dei normale utsleppa.

### **6.2 Akutte utslepp**

Bedrifta plikter å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå, eventuelt avgrense akutte utslepp. Dersom det skulle oppstå situasjonar som medfører akutte utslepp, skal fylkesmannen og kommunen varslast så snart som mogeleg.

### **6.3 Inspeksjonar**

Bedrifta plikter å la representantar for forurensingsstyresmaktene inspisere anlegget til einkvar tid.

### **6.4 Tvangsmulkt og straffeansvar**

Forurensingsstyresmaktene kan fastsetje tvangsmulkt for å sikre at vilkåra i løyvet vert overheldt. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i henhold til forurensingslova, kapittel 10.

### **6.5 Endring og omgjerung av løyvet**

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller sette nye vilkår, og om naudsynt kalle løyvet attende dersom vilkåra i forurensingslova § 18 er tilstades.

### **6.6 Utskifting av utstyr**

Dersom bedrifta skal foreta ei vesentleg utskifting av utstyr som gjer det teknisk mogeleg å motvirke forurensingar på ei vesentleg betre måte enn da løyvet vart gjeve, skal fylkesmannen og kommunen på førehand ha melding om dette.

### **6.7 Nedlegging og driftstans**

Dersom bedrifta vert lagt ned eller stogkast for eit år eller meir, skal det gjevast melding til fylkesmannen og kommunen. Dersom det er ynskjeleg å starte verksemda på ny, skal det gjevast melding til fylkesmannen.